



# AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 17/23 AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL – MEDLEMSSKAP FKT

Til Austrheim kommunestyre ved ordfører

Kontrollutvalet har i møtet 02.06.2023 handsama sak 17/23 med følgende vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

Møteutskrifta kan leggjast fram for kommunestyret som referatsak.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under.

## 17/23 MEDLEMSSKAP FKT

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

---

### SAKSOPPLYSINGAR

#### Samandrag

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å melda seg inn i FKT – Forum for kontroll og tilsyn, for å ta del i eit viktig kompetansearbeid.

#### Saksopplysingar

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat. Per 1.3 2023 har organisasjonen 192 kommunar, 7 fylkeskommunar og 22 kontrollutvalssekretariat som dekker meir enn 250 kommunar/fylkeskommunar som medlemmer. Sekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) vart medlem hausten 2022.



FKT sitt føremål er å vera «en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.»

Gjennom ulike arbeidsgrupper, sett saman av representantar frå medlemsorganisasjonane, utarbeider FKT blant anna ei rekkje rettleiarar til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid. Dette arbeidet vert såleis utvikla «på dugnad» gjennom fellesskapet i FKT. I fleire tilfelle samarbeider FKT med NKRF – kontroll og revisjon i kommunene om rettleiarar og fagutvikling. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat, og NKRF for revisjonsselskap og sekretariat. FKT er einaste kompetanseorganisasjonen som kontrollutval kan vera medlem i.

I 2022 publiserte FKT blant anna ein rettleiar for handsaming av henvendingar til kontrollutvalet, [Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](https://www.fkt.no/veileder-haendtering-av-henvendelser-til-kontrollutvalget-forum-for-kontroll-og-tilsyn-fkt.no). Alle kontrollutvala som RNI er sekretariat for gjorde vedtak om å nytta rettleiaren. I tillegg lagar FKT opplæringspakkar for nye kontrollutval, og held på å revidere ein slik opplæringspakke for nye kontrollutval som startar hausten 2023.

Kontingentsatsane i FKT for 2023 er følgande:

- Kommune 0 – 5 000 innb.: kr 3 700
- Kommunar 5 001 – 10 000 innb.: kr 7 500
- Kommunar 10 001 – 20 000 innb.: kr 9 700
- Kommunar 20 001 – 50 000 innb.: kr 13 000
- Kommunar med meir enn 50 000 innb.: kr 16 000
- Fylkeskommunar: kr 16 000
- Sekretariat: kr 9 700

Les meir om FKT på [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](https://www.fkt.no/forum-for-kontroll-og-tilsyn-fkt.no)

#### Sekretariatet si vurdering og anbefaling:

Austrheim kontrollutval bør delta i medlemsfellesskapet, og betala kontingent, når kontrollutvalet nyttar ressursar utvikla av FKT. Det finst kun ein kompetanseorganisasjon som kontrollutval kan vera medlemmer i, og det er ikkje ein stor økonomisk kostnad med medlemskap. Kontingenten vert lagt inn i sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Kontrollutvallsmedlemmer i medlemskommunane får elles noko rabatt på kurs og konferansar som vert arrangert av FKT.

#### Saksvedlegg:

fkt-brosjyre2022-23 – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-brosjyre2022-23.pdf>

fkt-vedtekter-endret-2022 – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-vedtekter-endret-2022.pdf>

**Fra:** [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)  
**Til:** [gunnstein.sætre@online.no](mailto:gunnstein.sætre@online.no); [Torbjørn Grøttveit Gjerstad](#)  
**Emne:** Velkommen nytt medlem i Forum for kontroll og tilsyn - Kontrollutvalet i Austrheim kommune  
**Dato:** mandag 19. juni 2023 10:24:04

---

Til

## **Kontrollutvalet i Austrheim kommune**

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) ønsker dere velkommen som medlem. På vår hjemmeside kan dere finne informasjon om oss <https://www.fkt.no/om-fkt/>

Våre nettsider er åpne for alle, men noe informasjon er kun for medlemmer, f. eks styreprotokoller og «spørsmål og svar». De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post/forespørsel til [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer og varamedlemmer.

Personvernreglene krever at vi innhenter samtykke for å lagre lister med e-postadresser med det formålet å sende ut elektroniske nyhetsbrev. Medlemmer og varamedlemmer som ønsker å motta elektroniske nyhetsbrev fra oss, kan registrere seg her: [www.fkt.no](http://www.fkt.no) (rett under nyhetene).

Neste medlemsinfo kommer i slutten av juni.

Send oss gjerne en e-post hvis dere har noen gode tips om tema for faglige samlinger ol. eller hvis det er noe dere lurer på.

*Med vennlig hilsen*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**

Generalsekretær

---

**Forum for kontroll og tilsyn** / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) / +47 414 71 166  
/ [www.fkt.no](http://www.fkt.no)